



Meir mat frå utmark i Hordaland

Forfatter

Yngve Rekdal, Norsk institutt for bioøkonomi

Sammendrag

Berre 3% av landarealet i Hordaland er jordbruksareal. Potensialet for utviding av jordbruksarealet er 30% – minst av alle fylka. Det meste av Hordaland er utmark. Her ligg det store areal som kan brukast i matproduksjon, men haustinga kan berre gjerast av beitedyr.

Publisert

2016

Referanse

Sau og Geit 1/2016

Utskriftsdato

07.12.2023 www.fag.nsg.no



Sau i grasrik skredmark. Ormaset Voss. (Foto: M. Angeloff)

Meir mat frå utmark i Hordaland

Berre 3% av landarealet i Hordaland er jordbruksareal. Potensialet for utviding av jordbruksarealet er 30% – minst av alle fylka. Det meste av Hordaland er utmark. Her ligg det store areal som kan brukast i matproduksjon, men haustinga kan berre gjerast av beitedyr.

Tal frå prosjektet «Arealrekneskap i utmark» ved Norsk institutt for bioøkonomi, viser at kring 7 mill. dekar eller 47% av landarealet i Hordaland kan nyttast som beite for husdyr. Det vil seie at det frå desse areala kan haustast for som gjev tilvekst hos

beitedyr. Om lag 10% av landarealet er i beste beiteklasse, svært godt beite. Det er litt betre enn gjennomsnittet for heile landet.

Stor variasjon

Innafor fylket er det stor variasjon i beitekvalitet. Dette har i første rekkje samanheng med berggrunn, lausmassar, topografi og klimatiske tilhøve. Hordaland er dominert av næringsfattige bergartar, men det finst også mykje næringsrik berggrunn som gjev godt grunnlag for plantevekster. Dette gjeld særleg nordsida av Hardangervjorden mot Voss, og delar av Hardangervidda. Uavhengig av berggrunnen finst det særleg gode beiteareal på finkorna skredjord under

bratte fjell i dalar og fjordstrøk. Store fjellareal har lite lausmassedekning og dermed lite plantedekke.

Store nedbørsmengder i form av snø gjer delar av fjellbeita seint tilgjengelege. Langvarig snødekke i fjellet gir store areal av snøleie med nygroe utover sein-sommar og haust. Der terrenget er lageleg slik at dyra kan trekkje opp i høgda med snøsmeltinga vil dette gje høg kvalitet på tilgjengeleg plantemateriale, og beitesesongen kan bli lang. I midtre strok har delar av snøleia redusert beiteverdi på grunn av høg forekomst av det dårlege beitegraset finnskjøgg. Ytre strok av fylket med røsslyngheier og fuktheier vil jamt over ha lågare beitekvalitet. Lite snødekke gjer utmarka her eigna for utegangarsau. >>



I midtre og ytre strok er fuktheier vanleg vegetasjonstype. Oyanovi, Vaksdal.
(Foto: M. Angeloff)



På kalkrik berggrunn på Hardangervidda er det stadvis vide grasenger innover fjellet. Fljotdalen, Eidfjord. (Foto: Y. Rekdal)

Mange beitedyr

Hordaland har mange dyr som går i utmark og utnyttinga av beiteressursane er høg i høve til andre fylke. 17.000 storfe, 196.000 sauer, 5.700 geiter og 700 hestar gjekk meir enn 5 veker på utmarksbeite i 2015. 60% av driftseiningane i fylket hadde sau i utmark og 31% storfe. 42% av fylkesarealet vart bruka av organiserte beitelag, mest i midtre og indre delar av fylket. I tillegg kjem uorganiserte beitedyr, særleg storfe, knytt til meir gardsnære areal. Utmarka er eit felles matfat som også må delast med ein stor hjortebestand på kring 30.000 dyr, og villrein på indre strok.

Plass til meir beitedyr

Dersom ein brukar sau som måleining, viser berekning av fôrproduksjonen i utmark i Hordaland at fylket kan ha plass til vel 400.000 sauer. Ut frå fôruttaket i 2015 kan dyretalet i alle fall aukast med over 30%. Prosentvis er dette lite i høve til dei fleste andre fylke, men i og med at dyretalet er stort frå før utgjer dette ein god auke. Det kan heilt sikkert haustast mykje meir, men da vil ein måtte gå ned på tilveksten på dyra da dei vil måtte eta meir av planter med lågare fôrverdi, til dømes lyngartar. Det er viktig å vera klar over at utmarksbeitet ikkje er ein «uendeleg» ressurs. Ved planlegging av beitebruk og omdisponering av areal til andre formål som til dømes hyttebygging og skogplanting, må det takast omsyn til dette.

Tidlegare beitevanar har sett sitt preg

Det meste av vegetasjonsbiletet i utmarka i Hordaland er ein arv etter tidlegare tiders veldig intensive utmarksbruk. Fylket har store skoglause areal, som ligg under den klimatiske potensielle skoggrensa. Dette gjeld særleg i kyststrokk, der mellom 30 og 45% av arealet i fleire kommunar er potensielt attgroingsareal. Ei stor landskapsendring er her på gang dersom beitetrykket blir for lågt. Tett tresetting vil redusere verdien av areala både med omsyn til beite, biologisk mangfald og landskapsoppleving.

Beiting påverkar vegetasjonen

Vegetasjonen vert påverka av beiting gjennom avbiting, trakk og gjødsling. Det er i første rekkje grasartar som blir



Grassnøleie er viktige seinsommar- og haustbeite. Bordalen, Voss. (Foto: Y. Rekdal)

fremma av slik påverknad. Ved lågt beitetrykk skjer det derfor også endringar i markvegetasjonen. På beste marka kjem høgvalsne urter og bregner inn og skuggar ut grasset, på fattigare mark kjem det lyngartar og dvergbjørk. For lite beitedyr er oftast situasjonen i Hordaland no. Beite-kvaliteten blir derfor sakte redusert på store areal. Utmarka må skjøttast skal beitekvaliteten takast vare på.

Utmarksbeite er ein «gratisressurs»

Landbruket må utnytte regionale og lokale fortrinn, blir det ofte sagt frå sentrale styresmakter. Ei produktiv utmark er eit fortrinn for landbruket i Hordaland. Denne «gratisressursen» er

eit vilkår for lønsemd i sauehaldet. Storfelthaldarar ser no også meir mot utmark som del av førgrunnlaget for spesialisert kjøtproduksjon på ammeku. Dagens regjering står bak målet om å auke den norske matproduksjonen i takt med befolkningsauken. Det skal produserast 20% meir mat innan 2030. Skal denne produksjonsauken skje med basis i norske ressursar, må utmarka brukast.

Det medfører eit særleg ansvar for dei bygder som har dei beste ressursane, om å ta desse i bruk. Men mest av alt gir ei rik utmark mulegheiter til næringsutvikling. Trendar hos norske forbrukarar tyder på at det kan vera muleg å ta ut ein meirverdi for produkt produsert i rein og vakker natur, med god dyrevelferd. Ikkje minst er

kortreist mat med lokalt særpreg viktig i utvikling av lokalt reiseliv. Kjøt og mjølk frå utmarka står fram som eksotiske produkt etter kvart som jordbruket vårt blir meir og meir industrialisert.

Færre, men større buskapar skapar utfordringar

Færre bruk og større buskapar gir ei utfordring i organisering av utmarksbruket. Ein må oftast forhalde seg til eit stort tal eigedomar, ofte med kryssande brukarinteresser. Ikkje minst gjeld dette i den innmarksnære utmarka som er svært viktige areal for å avlaste den dyrka jorda til produksjon av vinterfôr. Gode gjerde er eit vilkår for å ha dyr på utmarksbeite, men kan vera tiltak som er vanskeleg å bli samde om. Det er også viktig å utvikle driftsformer for bruk av utmark inn i eit moderne landbruk, driftsformer som ser den totale ressursen i inn- og utmark i samanheng.

Av: Yngve Rekdal,
Norsk institutt for bioøkonomi, Ås

Ren norsk merinoull med naturlig lanolin
— til filting og garn, til strikk og vev

Leine Merino
ULLA SOM GIR DEN GODE VARMEN
www.leinemerino.no, anders@leinemerino.no, 977 15 081

Kjelde:

Hofsten, J, Rekdal, Y. og Strand, G-H. 2015. Arealregnskap for utmark. Arealstatistikk for Hordaland. Norsk inst. for skog og landskap, ressursoversikt 02/15